



**Med hjarte for heile kommunen**



### HELSING FRÅ ORDFØRARKANDIDATEN

Det er både ei ære og ei glede å vere Stad Senterparti sin ordførerkandidat. Ein ordførar-kandidat må stille seg nokon grunnleggande spørsmål. Er dette noko ein verkeleg vil? Har ein motivasjon, tid og kapasitet? Brenn du for å utvikle kommunen?

Eg har vore aktiv politikar i 20 år, både lokalt, i fylkestinget og i partiet sentralt. Eg veit kor mykje som krevst og kor høge forventingar folk har til ein ordførar. Etter å ta tenkt nøyne gjennom saka, og snakka med familien min, så sa eg ja.

Eg seier ja fordi eg brenn for kommunen vår, for lokalsamfunnet vårt. Eg ønskjer at vi skal ha gode og trygge rammer rundt liva våre, i eit ope, varmt og inkluderande samfunn med plass til alle.

Visst har vi utfordringar i Stad kommune, høg lånegjeld og lite økonomisk handlings-rom. Men vi har vist at vi kan få til mykje likevel! Eg vil støtte opp under lokalt næringsliv, det er viktig å tiltrekke oss nye bedrifter, og at dei vi har får utvikle seg. Vi må bygge vidare på det fantastiske kulturlivet, og alle dei flotte organisasjonane som gjer at vi kan leve gode, rike og meiningsfulle kvardagar i Stad.

Vi treng eit godt og positivt samarbeid i kommunestyret, at vi jobbar aktivt opp mot stat og fylke for å sikre viktige prosjekt som Stad skipstunnel, Statens hus, og Nordfjordbrua, til dømes. Vi treng ei open kommune, som folk kan stole på, og som snakkar ærleg og tydeleg med folk.

Vi går ikkje til val på å gjennomføre nye store investeringar, men vi går til val på å føre ein ansvarleg økonomisk politikk som gjer det mogleg å ha nok lærarar i klasseromma, og nok kloke hovud og varme hender i eldremomsorga. Vi går til val på å ikkje legge ned skular i perioden. Vi vil vere pådrivarar for å få på plass nye bustadfelt. Du kan lese meir om politikken vår og sjå alle kandidatane våre i brosjyra. Eg ønskjer deg eit godt val, bruk Senterpartiet si liste!

*Godt val*

#### **Sigurd Reksnes**

Ordførarkandidat Stad Senterparti



Du finn heile programmet til Stad Senterparti her:

<https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/sogn-og-fjordane/stad>  
[fb.me/stadsenterparti](https://fb.me/stadsenterparti)

### Stad Sp sine kandidatar



**1. KANDIDAT**  
Sigurd Reksnes  
Haugen



**2. KANDIDAT**  
Gunn Sande  
Leikanger



**3. KANDIDAT**  
Betty Lovise Hessevik  
Bryggja



**4. KANDIDAT**  
Ole Mathias Nes  
Hjelle



**5. KANDIDAT**  
Kjell Magnar Flølo  
Selje



**6. KANDIDAT**  
Astrid Grete Torheim  
Stårheim



**7. KANDIDAT**  
Tor Andre Myrstad  
Haugen



**8. KANDIDAT**  
Sidsel Helene Otnes  
Kjøde-Årsheim



**9. KANDIDAT**  
Ståle Sandal  
Nordfjordeid



**10. KANDIDAT**  
Øystein Ragnar Aasebø  
Heggjabygda



**11. KANDIDAT**  
Hilde Rotøhaug  
Nordfjordeid



**12. KANDIDAT**  
Alexa Marie  
Melheim Bakkebø  
Heggjabygda



**13. KANDIDAT**  
Nikolai Åshamar  
Nordfjordeid



**14. KANDIDAT**  
Hildegunn  
Starheim Remme  
Nordfjordeid



**15. KANDIDAT**  
Åge Jon Ervik  
Ervik, Stadlandet



**16. KANDIDAT**  
Eva Kristin Eide  
Bryggja



**17. KANDIDAT**  
Paul Jacob Helgesen  
Nordfjordeid



**18. KANDIDAT**  
Bjørn Årdal  
Kjølsdalen



**19. KANDIDAT**  
Tom-Evan Langø  
Stårheim



**20. KANDIDAT**  
Silje Brobakke Svoren  
Bryggja



**21. KANDIDAT**  
Martin Mathisen  
Ervik - Kjølsdalen



**22. KANDIDAT**  
Henrik Otnes  
Kjøde - Arsheim



**23. KANDIDAT**  
Evi Merete Hopland  
Hjelle



**24. KANDIDAT**  
Ronnaug Torheim  
Hunvik



**25. KANDIDAT**  
Øystein Kongsvik  
Flatraket



**26. KANDIDAT**  
Pål Nytingnes  
Nordfjordeid



**27. KANDIDAT**  
Dag Austring  
Moldefjorden



**28. KANDIDAT**  
Jorunn Lisbet  
Bjørkedal Manseth  
Remmedalen



**29. KANDIDAT**  
Anders Kjølesdal  
Kjølsdalen



**30. KANDIDAT**  
Ylva Petrikke  
Altin Seljenes  
Stårheim



**31. KANDIDAT**  
Rakel Sjåstad Sørhaug  
Bryggja



**32. KANDIDAT**  
Jan Sverre Hagen  
Leikanger



**33. KANDIDAT**  
Iselin Endal  
Bryggja



**34. KANDIDAT**  
Arne Knut Ohrvik  
Heggjabygda



**35. KANDIDAT**  
Jetmund Nyvåg  
Bryggja



**36. KANDIDAT**  
Trond Løviknes  
Haugen



**37. KANDIDAT**  
Hanne Marie Utvær  
Barmen



## DIFOR VEL VI SENTERPARTIET

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vi vil ta heile landet i bruk og ha likeverdige tenester nær der folk bur. Dette står Senterpartiet for enten du snakkar med sambyggingen din på kommunevallista, eller om du snakkar med våre politikarar på Stortinget.

Veljarane i Stad kommune kan vere trygge på at Senterpartiet sine prinsipp for styring vil vere å sjå heile kommunen, ha eit konstruktivt samarbeidsklima, jobbe for stoltheit, samhald og identitet mellom innbyggjarane, og at vi har omsorg for dei svakaste. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og respekten for menneskeverdet er overordna andre verdiar. Veljarane kan og vere trygge på at våre prioriteringar er å ha nok hovud og hender ute hos dei eldre, skuleelevar og barnehageborna.

I dette heftet finner du eit utdrag av Stad Senterparti sitt kommunevalprogram. Du finn heile programmet til Stad Senterparti her:

<https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/sogn-og-fjordane/stad>  
<fb.me/stadsenterparti>

## EIN GOD OPPVEKST

**Senterpartiet vil:**

- oppretthalde og vidareutvikle skuletilbodet i alle dagens skulekrinsar.
- sikre full barnehagedekning, med fortlopande opptak gjennom året.
- prioritere tilstrekkelege ressursar for å sikre gode læringsmiljø i klassene.
- sikre at alle elevar skal ha trygg og god skuleveg.
- arbeide for at ungdom skal få gode og trygge samlingsplassar.
- at kulturskulen skal vere ein bærebjelke for kulturlivet, og må vidareutviklast i Stad kommune.
- jobbe for vidare reduksjon av leigesatsar på idrett og kulturskule.

## EIN GOD PLASS Å BU

### Senterpartiet vil:

- arbeide for at det skal vere tilgang på tomteri alle krinsar.
- arbeide og legge til rette for at alle skal ha tilgang på gode aktivitetstilbod innanfor både idrett og kultur.
- framleis jobbe for realisering av symjebasseng i Selje.
- støtte opp under mangfaldet av frivillige lag og organisasjonar i kommunen.
- arbeide for godt vedlikehald av kommunale vegar og gangfelt.
- arbeide for ein «Nordfjordpakke» innan samferdsle i samarbeid med Kinn, Gloppen og Stryn kommune med mål om å løfte fram og sette fokus på felles behov på riks- og fylkesvegnettet både i høve utbygging og finansiering.
- arbeide for å realisere Nordfjordbrua Lote-Anda ved hjelp av brukarfinansiering og ferjeavløysingsmidlar



BILETE: OLE-MATHIAS NES



BILETE: TOR MYKLEBUST



BILETE: KJELL MAGNAR FLØLO

## EIN GOD PLASS Å BLI GAMAL

### Senterpartiet vil:

- arbeide mot einsemd hos eldre.
- legge til rette for eldre som ynskjer å bidra i sitt lokalsamfunn.
- utvikle kommunen sine tenester med tanke på auka tal eldre.
- leggje til rette for bustadar i sentrum der bebuarane kan klare seg mest mogleg sjølv.
- arbeide målretta for å rekruttere helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og legar til kommunen.
- satse på førebygging og trenin i å meistre eige liv. Institusjonsplassen skal stå klar den dagen behovet er der.
- arbeide for at bebuarar på institusjonane skal ha moglegheit til ein aktiv og innhaldsrik kvardag.

## GODE ARBEIDSPLASSAR

### Senterpartiet vil:

- arbeide for gode rammevilkår for næringsliv og gründerar.
- arbeide for eit strategisk samarbeid mellom kommune og næringsliv på identitetsbygging, relasjonsbygging og rekruttering.
- arbeide for tilgjengelege næringsareal.
- arbeide for eit aktivt og støttande landbrukskontor for eit variert landbruk.
- arbeide for å utvikle Stad kommune som eit heilårs reisemål.
- utvikle Nordfjordeid som berekraftig cruisedestinasjon som bidreg til lokal verdiskaping og aktivitet.
- satse på fjordhesten og vidareutvikling av Norsk Fjordhestsenter.
- vidareutvikle og fortette Nordfjordeid som handelssentrums.
- arbeide aktivt for å styrke statlege arbeidsoppgåver i kommunen og i Nordfjordregionen mellom anna gjennom å realisere Statens Hus.
- arbeide for å etablere høgare desentralisert utdanning gjennom Inviro Campus Nordfjord.
- arbeide for å sikre kommunen og innbyggjarane sine interesser knytt til realisering av Stad Skipstunnel.
- legge til rette for å utnytte vekstpotensialet innanfor sjømatnæringa i heile kommunen inkludert leverandørindustri mot desse næringane

## KLIMA OG SAMFUNNSANSVAR

### Senterpartiet vil:

- sikre nærliek til tenester ein har behov for i kvardegen.
- ta vare på matjorda og dyrkbar jord som ein beredskap for auka matproduksjon i framtidia.
- stimulere til å drive skogen aktivt.
- dyrke havets skog gjennom tilrettelegging for taredyrking.
- styrke profileringa og satsinga på Hornindalsvatnet som turmål, vassdrag og drikkevasskjelde samt Eidselva som nasjonal lakseelv.
- arbeide for ein ringbuss i Nordfjordeid og dei nære bygdene rundt.
- føre ein offentleg innkjøpspolitikk som stimulerer til lågutslepp og om mogleg nullutslepp.

# Stad Senterparti kommunevallista 2023

Nr.	Namn	Fødd	Bustad
1	<b>Sigurd Reksnes</b>	1977	Haugen
2	<b>Gunn Sande</b>	1960	Leikanger
3	Betty Lovise Hessevik	1960	Bryggja
4	Ole Mathias Nes	1983	Hjelle
5	Kjell Magnar Flølo	1959	Selje
6	Astrid Grete Torheim	1970	Stårheim
7	Tor Andre Myrstad	2000	Haugen
8	Sidsel Helene Otnes	1959	Årsheim
9	Ståle Sandal	1977	Nordfjordeid
10	Øystein Ragnar Aasebø	1988	Heggjabygda
11	Hilde Rotihaug	1980	Nordfjordeid
12	Alexa Marie Melheim Bakkebø	2000	Heggjabygda
13	Nikolai Åshamar	1993	Nordfjordeid
14	Hildegunn Starheim Remme	1991	Nordfjordeid
15	Åge Jon Ervik	1957	Ervik, Stadlandet
16	Eva Kristin Eide	1990	Bryggja
17	Paul Jacob Helgesen	1978	Nordfjordeid
18	Bjørn Årdal	1964	Kjølsdalen
19	Tom-Even Langø	1979	Stårheim
20	Silje Brobakke Svoren	1983	Bryggja
21	Martin Mathisen	1988	Ervik - Kjølsdalen
22	Henrik Otnes	1988	Kjøde-Årsheim
23	Evi Merete Hopland	1974	Hjelle
24	Rønnaug Torheim	1971	Hunvik
25	Øystein Kongsvik	1979	Flatraket
26	Pål Nytingnes	1969	Nordfjordeid
27	Dag Austring	1949	Moldefjorden
28	Jorunn Lisbet Bjørkedal Manseth	1971	Remmedalen
29	Anders Kjøllesdal	1979	Kjølsdalen
30	Ylva Petrikke Altin Seljenes	1986	Stårheim
31	Rakel Sjåstad Sørhaug	2000	Bryggja
32	Jan Sverre Hagen	1953	Leikanger
33	Iselin Endal	1974	Bryggja
34	Arne Knut Øhrvik	1964	Heggjabygda
35	Jetmund Nyvang	1958	Bryggja
36	Trond Løviknes	2001	Haugen
37	Hanne Marie Utvær	1975	Barmen

**Stad Senterparti** v/Sidsel Helene Otnes  
E-post: sidsot8@gmail.com • Mobil: 909 19 201  
**senterpartiet.no**